



LINDÅS KOMMUNE
Nordhordland og Gulen Interkommunale
Brannførebyggjande avdeling
NGIB

Atleten A/S
Postboks 172
5903 Isdalstø

Dykkar ref.
B.Blomvågnes

Vår ref.
G.Holtan

Arkivkode
16/1343

Dato
10.08.2016

Søknad om løyve til handel med pyroteknisk vare

Viser til dykkar søknad og gjev løyve til sal og oppbevaring av pyrotekniske varer på følgjande vilkår:

1. Ansvarshavande skal retta seg etter rettleiing til Forskrift om handel og oppbevaring av pyroteknisk vare.
2. Salslokale skal vere i samsvar med "krav til verksemd som driv handel med pyrotekniske varer § 9-4
3. Løyve vert sett til 100 kg netto vare i utsal og maks 100 kg og kruttvekt i tilstøytande godkjent lager. Totale mengder i utsal og tilstøytande lager må ikkje overstiga 100 kg netto kruttvekt. Mengder utover dette skal lagrast i særskild lager , godkjend etter kap, 7 i forskrifta eller i konteinar som nemnd i kap 3 med maks vekt på 250 kg netto vare.
4. I samråd med nabokommunane og DSB er løyve til sal avgrensa til å gjelde Fredag 30 og Laurdag 31 desember 2016.
5. Brannvesenet vil kontrollere utsalsstaden og lagringstilhøva i salsperioden. Brot på regelverket vil kunne føre til umiddelbar inndraging av løyvet.
6. Ansvarshavande eller stadfortredande må være fysisk tilstades under heile salstida og skal kunne framvise sertifikat frå Noregs Brannvernforening, kategori F
7. Det gjerast merksamt på at det ikkje lenger er tillete med sal frå kjøpesenter. Alt sal frå slike verksemdar må gå føre seg ute.
8. Handelssertifikat frå NBF og risikoanalyse med tiltak skal kunne framsynas og dokumenterast ved tilsynet.

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr. Lov om offentlig forvaltning.

Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen du mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut.

Klagen kan sendast skrifleg til avdelinga som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Gjert Holtan
Saksbehandlar

Ole Johan Ingebrigtsen
Avdelingsleiar NGIB

Postadresse:
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

Besøksadresse:

Telefon: 56 37 50 00
Telefaks: 56 37 50 01

Bankkonto: 7413 05 01005
Organisasjonsnr: 935 084 733

E-post: postmottak@lindas.kommune.no

Heimeside: www.lindas.kommune.no

Kartside: www.nordhordlandskart.no